



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
29.05.2018  
Dykkar dato  
15.05.2018

Vår referanse  
2018/6277 421.3  
Dykkar referanse

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### **Uttale til dispensasjon til etablering av naust på gnr. 174 bnr. 24, Totland, Lindås**

Vi viser til brev frå kommunen datert 15.05.2018. Saka gjeld søknad om oppføring av naust på eigedomen gnr. 174 bnr. 24 på Totland (Seim).

Det er naudsynt med dispensasjon frå LNF-formålet i arealdelen av kommuneplanen og plan og bygningslova (pbl.) § 1-8, byggjeforbod i strandsona.

Søklar grunngjev søknaden med at det har stått eit naust her som vart rive/fjerna før 1960 og at det er etablert fleire naust i område. Søklar meiner det er positivt at gnr. 174 bnr. 24 vil kunne nyttast til nausttuft og fritid og friluftsliv.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Lindås ligg i kategori to for strandsonevern (område der presset på areala er stort) etter dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Eventuelle dispensasjonar i strandsona krev grundige vurderingar, og fordelane for den enkelte tiltakshavaren vil sjeldan oppveie ulempene for dei offentlege interessene i strandsona.

Fylkesmannen si vurdering er at det ikkje kan leggjast vekt på at det låg eit naust her før 1960. Det er riktig at det ligg nokre naust eit stykkje nord og sør for omsøkt naust, men dette kan ikkje sjåast som fortetting i eit naustområde. Området er ikkje avsett til naust i KPA, og oppføring av naust vil kome på kostnad av oppstykking og privatisering av strandsona i strid med KPA.

Etter det vi kan sjå så er området relativt flatt og tilgjengeleg. Sjøen og strandsona i området er også registrert som eit viktig friluftsområde. Fylkesmannen si vurdering er difor at det er strandsoneverdiar i området som bør takast vare på. Vi kan ikkje sjå at dei private fordelane ved å ha eit naust veg opp for at dei offentlege interessene i strandsona må vike.

**Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til naust på gnr. 174 bnr. 24.**

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesø  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*